

PRØVEFISKERESULTAT – LANGAVATNET, 30.08.99

Omtale av vatnet:


- Vatnet ligg i Bjoreiovassdraget der fisk kan vandra fritt mellom Tinnhølen, Kleivhovdtjønn og Langavatnet.
- Vatnet har eit areal på 263 ha.
- Vatnet er vurdert å ha gode gyteforhold med innløpselva Eitro og fleire mindre bekker, samt otløpselva Snero.

Omtale av fisken og fisket:

- Vatnet vart sist prøvefiska i 1994.
- Det vart fiska over ei natt med 2 x W. Jensen prøvegarserie.
- Samla fangst vart 145 aure med samla vekt på 19,038 kg, som gjev ei snittvekt på 131 g.
- All fisk over 26 cm var ljøs raud eller raud i kjøtet.
- Minste gytefisk ho var 33 cm.
- Gjennomsnittleg kondisjonsfaktor var 1,07 som gjev ein fisk i god kondisjon. Det var ikkje teikn til svakare kondisjon på den store fisken.
- Fiskeutsettingar dei 10 siste åra er som følgjer:
1989: 1000 1990: 750 1991: 750 1992: 750 1993: 600 1994: 1500 1995: 0
1996: 2000 1997: 1500 1998: 1500 1999: 1500
- Fangstresultat frå garnfiske viser følgjande tal:
1996: 367 kg 1997: 207 kg 1998: 374 kg 1999: 323 kg
- 25 aure (17 %) av fangsten er funne å vera utsett.

Resultat og konklusjonar:

- Fangsten i prosent fordelt på lengdegrupper samanlikna med prøvefiske i 1994:



- Med unntak av 1997 har årleg avkastning vore stabil og ligg truleg på ca. 400 kg inkl. stongfiske. Dette gjev ei avkastning på ca 1,5 kg/ha, noko ein kan rekna som normalt for eit slikt vatn.
- Kondisjon er god og uendra frå 1994. Dette tyder førebels ikkje på at dei utsettingar som er gjort fram til i dag går utover kvalitet på fisken.
- Som følgje av auka utsetting er gjennomsnittsvakta sterkt redusert, frå 243 g i 1994 til 131 g i 1999.
- Hovudkonklusjonen er at kultiveringa av Langavatnet bør fortsetja i same form og omfang som i dag.